

Hald orden i plakatjungelen!

16.08.2010



Cirkus Zorba lovar bot og betring når det gjeld å endeleg plukka ned att plakatane etter besøket sitt i kommunen.

Men uskedalen.no bør og oppmoda andre, ikkje minst bygdas eigne arrangørar, lag og organisasjonar om å bli flinkare til å halda orden i plakatjungelen!

Det held fleire fram etter meldinga vår om sirkuset.

Dei som påpeikar dette vil ikkje trekka fram nokon bestemt, men det er ikkje tvil om at einskilde er flinkare enn andre og at nokre har plakatane sine ståande i lang tid etter at dei har vorte uaktuelle.

Og dermed får ikkje dei som har meir aktuelle bodskap sleppa til.

(Foto: Ola Matti Mathisen)